



**Velkomen til Sjokoladekappleik**

**19.mars 2022, kl 13 - 16**

Bul Ervingen skipar til Hordakappleik i Bergen laurdag 19 mars.

I samband med det vert det sjølvsgt



# **SJOKOLADEKAPPLEIK**

Sjokoladekappleiken er ei uformell mønstring i folkemusikk- og dans for dei yngste. Under sjokoladekappleiken kan ein delta med song, spel eller dans, som solist, gruppe eller lag. Alle som deltek får sjølvsgt ein søt og velsmakande premie. I tillegg får dei unge og modige utøvarane ei hyggelig tilbakemelding frå eit dommarpanel sett saman av vaksne utøvarar. Sjokoladekappleiken er eit fint høve til å trene seg i å opptre.

Mønstringa er i utgangspunktet tenkt for dei under 12 år, men om det er nokon som er litt eldre, og som ikkje er klare for den ordinære kappleiken i klasse C, er dei hjartelig velkomne til å vere med her.

Vi håpar på mange utøvarar og mykje publikum. Vi planlegg derfor å gjennomføre sjokoladekappleik i to bolkar. Meir informasjon om detaljane rundt sjølve gjennomføringa kjem.

Påmelding til: [kontoret@bergen.ungdomslag.no](mailto:kontoret@bergen.ungdomslag.no)

innan tysdag 15. mars 2022.

